



**Reglement for offentlig spørjetid i
kommunestyret sine møter
”spørjetime”**

Vedteke i Askvoll kommunestyre 24.09.2007, sak K 033/07

**Reglement for offentlig spørjetid i kommunestyret sine møter - "spørjetime".
Vedteke 24.09.07 i K-sak 033/07.**

1. Tid for spørjetida

Offentleg spørjetid opnar ved det tidspunkt som er annonsert at kommunestyret er innkalla til, men før møtet er lovleg sett.

Tida for offentlig spørjetid vert avgrensa til 30 minuttar.

Dersom det ikkje ligg føre spørsmål når møtet tek til eller dersom tida ikkje vert nytta fullt ut, vert møtet sett og handsaminga av sakene tek til etter føreliggjande sakliste.

Når møtet er sett, fell spørjetida vekk.

2. Kven kan spørje?

Alle personar som er busette i Askvoll kommune kan stille spørsmål til ordføraren, kommunestyret eller einskildmedlemar i kommunestyret. Dersom spørsmålet vert stilt til kommunestyret, avgjer ordføraren kven som skal svare.

3. Form og innhald av spørsmåla

Spørsmål må gjelde kommunale tilhøve og vere av allmenn interesse for kommunen sine innbyggjarar.

For å sikre at svararen kan gje eit tilfredsstillande svar, skal spørsmåla som hovudregel vere førelagt ordføraren, med kopi til sentraladministrasjonen, seinast 2 arbeidsdagar før møtet.

Spørsmål skal lesast opp av spørsmålsstillaren.

Spørsmål kan også stillast munnleg direkte i møtesalen.

Spørsmåla skal vere korte og det må normalt berre ta eitt minutt å stille dei, og inntil 2 minutt å svare. Utover dette kan det likevel gjevast tid til inntil 2 korte oppfølgingsspørsmål frå spørsmålsstillar.

Det vert ikkje opna for debatt.

4. Avvising/utsetjing av spørsmål

Spørsmål som vert stilt vedkomande saker på saklista, vert avvist.

Spørsmål som er framsett munnleg i møtet, og som ikkje kan svarast på på ein forsvarleg måte med ein gong, vert utsett til neste møte.

5. Forståing av retningslinene

Dersom det oppstår tvil om forståinga av desse retningslinene, avgjer ordføraren spørsmålet.

Dersom eit medlem i kommunestyret ikkje er samd i ordføraren si avgjerd, kan medlemmen etter spørjetida krevje at spørsmålet vert teke opp til ny handsaming på neste møte med offentlig spørjetid.

6. Referat

Det skal førast eige referat frå spørjetimen.